



TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 08.05.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
37/2017	INTERPELLASJON FRÅ VAKDAL SV - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDLEM AV TRANSPARENCY INTERNATIONAL
38/2017	SØKNAD OM PENGESTØTTE TIL AKSJON E16 VOSS-BERGEN

4. mai 2017

Eirik Haga
Ordførar



Notat

Til
Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Ann Kristin Bolstad
Vår referanse: 17/564 - 17/3652 /
Dato: 03.05.2017

Emne: Status barnehageopptak 2017/2018

Barnehagen i Vaksdal har hatt fleire søknadar til barnehageåret 2017/2018 samanlikna med førre år, 2015/2016.

Etter tredje opptaksrunde har alle born med rett til barnehageplass fått plass i Vaksdal kommunale barnehage.

Fordeling av barnehageplassane pr. 02.05.17:

- Stamnes barnehage: 2 avdelingar á 18 plassar
- Dale barnehage: 2 avdelingar á 18 plassar
- Vaksdal barnehage: 3 avdelingar á 24 plassar, 1 avdeling á 12 plassar
- Stanghelle/Knutatunet barnehage: 4 avdelingar á 24 plassar, 1 avdeling á 18 plassar

Av desse er:

- 1 born frå Stamnes (ei sak under handsaming)
- 4 born frå Vaksdal (ei sak under handsaming)
- 12 born frå Dale

Alle avdelingane i barnehagane vert i 2017/2018 nytta og det er oppretta ei ekstra avdeling i Vaksdal barnehage.

Det er totalt 191 born som skal gå i barnehage i Vaksdal i 2017/2018 og dei fleste har fått plass i den barnehagen dei sette som fyrsteval i søknaden.

Det er kome to klager på tilbod om barnehageplass. Desse vert handsama i klagenemnda.

I 1. tertialrapport 2017 vil barnehageopptaket òg verta belyst.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
37/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033, TI - &29	17/547

INTERPELLASJON FRÅ VAKDAL SV - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDLEM AV TRANSPARENCY INTERNATIONAL

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

Transparency International er den globale sivilsamfunnsorganisasjonen som står i spissen for kampen mot korrupsjon. Gjennom nesten 100 avdelingar over heile verda og eit internasjonalt sekretariat i Berlin, spreier TI kunnskap om skadeverknadene av korrupsjon, og samarbeider med myndigheter, næringsliv og sivilsamfunn om å utvikla og iverksetta effektive tiltak mot korrupsjon. Som medlem av TI-Norge bidreg kommunen til felles innsats for openheit, integritet og ansvarleggjering i samfunnet for å hindra korrupsjon og misleg framferd nasjonalt og internasjonalt.

- TI-Norge gjev opplæring, dilemmatrening og innspel til kommunen.
- TI-Norge gjev råd til utvikling og forbetring til kommunar sitt antikorrupsjonsprogram.
- Medlemmer får invitasjoner til TI-Norge sine egne arrangement.
- Deltaking i utvikling av antikorrupsjonsnettverk.
- Tilgang til relevant informasjon og verkty for å motverke korrupsjon.
- Tilgang til internasjonal ekspertise gjennom TI-Norge sitt sekretariat.

Medlemmane forplikter seg til å praktisere nulltoleranse for alle former for korrupsjon i si verksemd, og å få på plass eigna tiltak mot korrupsjon. Ein kvar person, organisasjon, eller institusjon som sluttar seg til TI sitt føremål kan verte medlem. Transparency International Norge er først og fremst finansiert via medlemskontingent og medlemmene er viktig for organisasjonen, både økonomisk og for å legitimera arbeidet dei gjer nasjonalt og internasjonalt.

TI har omlag 60 kommunar og fylkeskommunar som medlem i dag, og kan med fordel få fleire medlemmer. Her i Hordaland har nyleg Fusa kommune vedteke å slutte seg til organisasjonen. Kontingenten er årleg på 15 000 kroner.

Ein kan lese om TI her: <http://transparency.no/>

Spørsmål til ordførar.

Vil Vaksdal kommune søkja medlemsskap i Transparency International?

Forslag til vedtak:

Vaksdal kommune søkjer medlemsskap i Transparency International.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
38/2017	Kommunestyret	PS	08.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		17/565

SØKNAD OM PENGESTØTTE TIL AKSJON E16 VOSS-BERGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Søknad om pengestøtte til Aksjon E16 Voss-Bergen vert ikkje imøtekomen.
2. Søknad om pengestøtte kr 15.000 til Aksjon E16 Voss-Bergen vert innvilga.

Saksopplysningar:

Aksjonsgruppa «NY E16 Voss-Bergen NO» søker Vaksdal kommune om kr 15.000 i støtte til deira arbeid for byggstart for ny E16 innan 2021 og ferdigstilling innan 2029.

Det framgår av søknaden at gruppa er organisert av frivillige som ikkje tar ut løn. Dei er dermed avhengig av økonomisk støtte frå sponsorar til framtidige aksjonar, transportkostnader og kjøp av diverse utstyr.

Dei har seinast arrangert aksjonar i Arna og på Voss som har gitt saka mediemerksemd. Det har medverka til eit stort engasjement og større oppslutning om å framskande oppstart av ny veg.

Kva framtidige aksjonar dei ser for seg er ikkje oppgitt.

Laila Himle er aksjonsleiar, øvrige medlemmer er ikkje oppgitt i søknaden.

Vurdering

Generell omsyn/prinsipp som kan vurderast ved førespurnad om økonomisk støtte vil vera likebehandling og etikk.

I generelle søknader av denne type er det relevant å vurdere risiko knytt opp til at framtidige aktiviteter ikkje er kjent og medlemmer/støttepersoner bak gruppa ikkje er kjent. Det kan knyttast vilkår til ei ev støtte, men kontroll av vilkåra kan vera vanskeleg.

Etter rådmanns vurdering er desse omsyna relevante ved denne søknaden og kan tale mot å gje støtte. På den andre sida framstår dette som eit folkeleg engasjement som i utgangspunktet er positivt.

Rådmann legg fram to forslag til vedtak.